

Mottatt HV RHF

27 DES 2007

**DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT**



Oddvard Nilsen
Helse Vest RHF
Riksrevisjonen

Dykkar ref


Vår ref
200600896-/MOS

Dato
20.12.2007

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF tysdag 18. desember 2007

Vedlagt følgjer protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF tysdag 18. desember 2007.

Med vennleg helsing


Per S. Bleikheia e.f.
ekspedisjonssjef


Morten Svendsberget
konsulent

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Einar Gerhardsens plass 3

Telefon
22 24 90 90
Org no.
983 887 406

Eieravdelinga
Telefaks
22 24 27 92

Sakshandsamar
Morten Svendsberget
22 24 82 99

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Tysdag 18. desember 2007 kl 1500 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest RHF

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte: Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad

Frå styret møte: Styreleiar Oddvard Nilsen
Ellen Solheim

Frå administrasjonen møte: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadm. direktør Helge Bryne
Fagdirektør Odd Søreide

Også til stades: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Ekspedisjonssjef Vidar O. Steine
Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak og deltok ved Kristin Madsen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og Per Bleikelia vart valde til å underskrive protokollen.

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurte om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest RHF

Føretaksmøtet viste til brev frå Helse Vest RHF dagsett 8. november d.å. der det var vist til vedtak frå styremøte i Helse Vest RHF same dag i sak 090/07B :

Vedtak (Vedtatt med 8 stemmer, mot 2 stemmer):

- 1. Styret viser til og stadfester vedtak i sak 41/07 og til føretaksmøta for Helse Stavanger HF og Helse Bergen den 24. mai 2007 som fastset organisering og oppgåvedeling av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.*
- 2. Styret viser og til vedtak i styresak 66/07 punkt 2. Vedtaket om utsett iverksetting av punkt 2 g i føretaksmøtet vert oppheva med tilvising til at Sosial- og helsedirektoratet sin faglege gjennomgang av nevrokirurgitilbodet i Helse Vest no ligg føre.*
- 3. Med tilvising til Sosial- og helsedirektoratet sin faglege gjennomgang av nevrokirurgitilbodet i Helse Vest, ber styret om at føretaksmøtet for Helse Vest RHF behandlar saka og vurderer om fag- og myndigheitsorganet si tilråding skal innebære ei endring av styrevedtak i sak 041/07, jf vedtakspunkt 1.*
- 4. Styret i Helse Vest RHF ber om at saka blir handsama i føretaksmøtet så raskt som mogleg.*

Gjeldande overordna ansvarsstruktur for spesialisthelsetenesta ligg til grunn som føresetnad for føretaksmøtet si behandling av saka. Denne vert ikkje endra. Dette inneber at det gjennom føretaksmøtet si behandling og vedtak ikkje vert gjort endringar i Helse Vest RHF sitt "sørgje for"-ansvar, og i den styring og oppfølging som dette krev for å sikre at befolkninga i regionen får sine rettmessige tenester, og at disse oppfyller krav til at tenestene skal vere forsvarlege, slik som det følgjer av lov og andre myndigheitsvedtak.

Føretaksmøtet behandla saka mellom anna med bakgrunn i at Helse Vest RHF har brakt inn for føretaksmøtet spørsmål om forhold knytt til ansvar og fordeling av oppgåver. Helse Vest RHF har sjølv behandla ansvars- og oppgåvespørsmåla, men har

funnet det riktig å bringe spørsmåla inn til behandling i føretaksmøtet. Gitt saka si særeigne bakgrunn og slik ho nå står, er departementet si oppfatning at saka undergis behandling i føretaksmøtet. Departementet viste til det som er sagt om framtidig ansvarsstruktur, jamfør tidlegare avsnitt. Helse Vest RHF sitt vedtak føreligg i styrebehandla sak 41/07, sak 66/07, jf. også etterfølgjande behandling og vedtak i styremøte 8. november, sak 90/07B. Sentralt grunnlagsmateriale for føretaksmøtet si behandling er Helse Vest RHF sine vedtak i saka, underliggjande materiale for vedtaka og rapporten frå Sosial- og helsedirektoratet av 20. september 2007. Helse- og omsorgsdepartementet har også motteke mange direkte innspel om saka.

Sosial- og helsedirektoratet si klare anbefaling er at det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest vert samla eitt sted, og at dette på grunn av at nevrokirurgi er avhengig av andre høgt spesialiserte funksjonar, må vere ved Haukeland universitetssjukehus. I samsvar med dette ville føretaksmøtet vedta at det faglege ansvaret for nevrokirurgi i Helse Vest samla vert lagt til Helse Bergen HF. Med dette som bakgrunn skal alle legestillingar innan nevrokirurgi i Helse Vest for framtida vere forankra organisatorisk og i styringslinja i Helse Bergen HF, slik at alle nyttilsettingar i stillingane blir organisatorisk knytte til Helse Bergen HF. Det tilligg det overordna faglege ansvaret å foreta vurderingar og gjøre dei styringsmessige tiltak som sikrar at tenestene er forsvarlege og oppfyller gjeldande myndigheitskrav.

Når det gjeld vurderinga av plassering og fordeling av oppgåver mellom dei to helseføretaka, er denne gjort med utgangspunkt i den eintydige samling av det overordna faglege ansvaret som er gjort greie for ovanfor. Med bakgrunn i føreliggjande vedtak, dokumenta i saka og innspel som har kome, har departementet kome fram til at Helse Vest sin vedtekne fordeling av oppgåver (jf. styresak 90/07), vert lagt til grunn. Dette inneber at planlagde kraniotomiar (hjerneoperasjonar) og intrakraniell funksjonell kirurgi (parkinson kirurgi) ikkje skal utførast ved Stavanger universitetssjukehus. Føretaksmøtet la likevel til grunn at det blir oppretthalde akutfunksjon ved Stavanger universitetssjukehus og at også andre spesifiserte elektive oppgåver kan utførast der. Dette gjeld:

- Konsultasjons- og rådgjevingssverksemd
- Elektiv spinalkirurgi innanfor degenerative ryggsjukdommar og funksjonell spinalkirurgi.

Nevrokirurgar tilsette ved Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus skal ivareta vakt- og konsultasjonsverksemd ved Stavanger universitetssjukehus etter ei fastlagt ordning.

Føretaksmøtet hadde som føresetnad at Helse Vest RHF legg føretaksmøtet sitt vedtak til grunn i den vidare oppfølginga av saken, men understreka at Helse Vest RHF og Helse Bergen HF ut frå dei ansvarsposisjonar dei har, kontinuerleg må foreta nødvendig oppfølging og vurderingar for å kunne avgjere om det av omsyn til kva som er medisinsk forsvarleg eller andre myndigheitskrav, må gjerast endringar.

Føretaksmøtet vedtok:

Gjeldande overordna ansvarsstruktur for spesialisthelsetenesta ligg til grunn som føresetnad for føretaksmøtet si behandling av saka. Denne vert ikkje endra. Dette inneber at det gjennom føretaksmøtet si behandling og vedtak ikkje vert gjort endringar i Helse Vest RHF sitt "sørgje for"-ansvar, og i den styring og oppfølging som dette krev for å sikre at befolkninga i regionen får sine rettmessige tenester, og at disse oppfyller krav til at tenestene skal vere forsvarlege, slik som det følgjer av lov og andre myndigheitsvedtak.

Sosial- og helsedirektoratet si klare anbefaling er at det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest vert samla eitt sted, og at dette på grunn av at nevrokirurgi er avhengig av andre høgt spesialiserte funksjonar, må vere ved Haukeland universitetssjukehus. I samsvar med dette vedtar føretaksmøtet at det faglege ansvaret for nevrokirurgi i Helse Vest samla vert lagt til Helse Bergen HF. Med dette som bakgrunn skal alle legestillingar innan nevrokirurgi i Helse Vest for framtida vere forankra organisatorisk og i styringslinja i Helse Bergen HF, slik at alle nyttilsettingar i stillingane blir organisatorisk knytt til Helse Bergen HF. Det tilligg det overordna faglege ansvaret å foreta vurderingar og gjøre dei styringsmessige tiltak som sikrar at tenestene er forsvarlege og oppfyller gjeldande myndigheitskrav.

Når det gjelder vurderinga av plassering og fordeling av oppgåver mellom dei to helseføretaka, er denne gjort med utgangspunkt i den eintydige samling av det overordna faglege ansvaret som er gjort greie for ovanfor. Med bakgrunn i føreliggjande vedtak, dokumenta i saka og innspel som har kome, har departementet kome fram til at Helse Vest sin vedtekne fordeling av oppgåver (jf. styresak 90/07), vert lagt til grunn. Dette inneber at planlagde kraniotomiar (hjerneoperasjonar) og intrakraniell funksjonell kirurgi (parkinson kirurgi) ikkje skal utførast ved Stavanger universitetssjukehus. Føretaksmøtet la likevel til grunn at det blir oppretthalde akutfunksjon ved Stavanger universitetssjukehus og at også andre spesifiserte elektive oppgåver kan utførast der. Dette gjeld:

- Konsultasjons- og rådgjevingsverksemd
- Elektiv spinalkirurgi innanfor degenerative ryggskjukdommar og funksjonell spinalkirurgi.

Nevrokirurgar tilsette ved Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus skal ivareta vakt- og konsultasjonsverksemd ved Stavanger universitetssjukehus etter ei fastlagt ordning.

Føretaksmøtet har som føresetnad at Helse Vest RHF legg føretaksmøtet sitt vedtak til grunn i den vidare oppfølginga av saken, men understreka at Helse Vest RHF og Helse

Bergen HF ut frå dei ansvarsposisjonar dei har, kontinuerleg må foreta nødvendig oppfølging og vurderingar for å kunne avgjere om det av omsyn til kva som er medisinsk forsvarleg eller andre myndigheitskrav, må gjerast endringar.

Møte vart heva kl 15.15



Per Bleikelia

Oslo, 18. desember 2007



Oddvard Nilsen